



Arkivnr: 2019/11285-1
Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.05.2019
Fylkestinget		12.06.2019

Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2018

Samandrag

Kunnskapsdepartementet har i sine retningslinjer for Regionale forskingsfond fastsett at kvart fond skal lage ei årsmelding om verksemda. Meldinga skal også handsamast av fylkestinga i fondsregionen. Årsmeldinga skal svare på den bestillinga som fylkestinga har gitt til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Fylkestingssaka om årsrapporten skal også vere grunnlag for eventuelle supplerande føringar frå fylkestinga til styret i fondet.

Regionale føringar for arbeidet

Bestillingsbrevet frå fylkestinga for perioden 2015 – 2019 fastsett at RFF Vestlandet skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor regionalt prioriterte innsatsområde:

- Verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Evne til innovasjon og omstilling – no og i framtida
- Gode klima- og miljøløysingar

Prioriterte forskningstema i 2018

- Innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan havnæringar og energinæringar
- Innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi
- Innovasjon i kommunal sektor

I 2018 tok RFF Vestlandet imot til saman 99 søknader og tildelte kr. 36 869 000, i støtte til 41 FoU prosjekt fordelt slik: 6 regionale bedriftsprosjekt; 2 regionale offentleg prosjekt, 33 prosjekt med regional kvalifiseringsstøtte. Nokre nøkkeltal frå prosjektrapporteringa i 2018:

Ferdigstilte nye/forbedrede produkter	78
Ferdigstilte nye/forbedrede prosesser.	67
Ferdigstilte nye/forbedrede tjenester,	34
Ny virksomhet/ Nye foretak som følge av prosjektet	16
Nye forretningsområder i virksomhet som følge av prosjektet	20
Virksomhet i eller utenfor prosjektet innført ny/forbedret teknologi	119

Mobilisering

Regional forskingsfond Vestlandet legg stor vekt på mobilisering av bedrifter og kommunar til å ta i bruk forskning som verktøy i sitt innovasjonsarbeide. Fondet har i 2018 vidareført og forsterka denne satsinga, og hatt sjølvstendig ansvar for organiseringa av 7 søkjarkurs/prosjektverkstader med til saman 111 representantar for bedrifter, kommunar og forskingsmiljø. I tillegg har fondet vore aktiv deltakar og medarrangør på fleire små og store arrangement med til saman nær 500 andre deltakarar. Satsinga har gitt resultat:

- 41 % av bedrifter med tilsegn frå RFF Vestlandet i 2018 har aldri søkt Forskringsrådet (FR) (utanom Skattefunn og FORREGION)
- 51 % av bedrifter med tilsegn frå RFF Vestlandet i 2018 har aldri vore involvert i eit prosjekt støtta av Forskringsrådet (utanom Skattefunn og FORREGION)

Formidling og synleggjering

Regionalt forskingsfond Vestlandet legg stor vekt på ein aktiv kommunikasjonsstrategi. Synleggjering og spreiding av forskingsresultat er vesentleg for å motivere interesse, men også for å sette forskingsresultata ut i aktivt innovasjonsarbeide. Fondet har også i 2018 vore ein aktiv bidragsytar til viktigaste formidlingskanalen www.forskning.no. Det er også gledeleg at prosjekta rapporterer om auka formidling i eiga regi. I 2018 rapporterte aktive prosjekt at dei frå start av arbeidet har fått fram 134 faglege publikasjonar og 346 oppslag i massemedia.

Økonomi: Aktiviteten i fondet er hovudsakleg finansiert gjennom eiga løyving frå Kunnskapsdepartementet.

Klima: Fondet har som målsetnad å bidra til eit berekraftig nærings- og samfunnsliv, og redusere skade på klima.

Folkehelse: Fondet har eiga utlysing ovanfor kommunal sektor, der folkehelse kan vere forskningstema.

Regional planstrategi: Fondet sine mål og innsatsområde er i tråd med føringane i regional planstrategi.

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner årsrapporten frå Regionalt forskingsfond Vestlandet for 2018

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Regionalt forskingsfond Vestlandet - Årsrapport 2018

Fylkesrådmannen, 09.05.2019

Sjå vedlagt årsrapport for Regionalt forskingsfond Vestlandet 2018.